



DEN NORSKE KYRKJA  
Balestrand sokn

# ÅRSRAPPORT 2023



*Friluftsgudsteneste i Saurdalen Skjærtorsdag 6. april 2023.*



*Frå kyrkjelydsturen til Lyngmo 10-12. februar 2023.*

*Begge foto: Jostein Risa*

**Vedteken i Balestrand sokneråd 4. mars 2024**

# 1 Innleiing

Året 2023 var valår: Ny Biskop, nytt sokneråd, nytt fellesråd og etter kommuneval: Ny representant frå kommunen i fellesrådet. I tillegg vedtok soknemøtet å redusere tal medlemar i soknerådet frå 8 til 6 personar frå valet i 2023.

Særskilt for 2023 kan også nemnast at soknerådet arrangerte ein fin Kyrkjelydstur til Lyngmo Ungdomssenter 10. - 12. februar, gode dagar for små og store, vel 50 vart med.

## 2 Soknerådet

### 2.1 Medlem og verv 2023

Som nemnt i innleiinga var det valår i 2023. Det nye soknerådet var fungerande frå 1. nov 2023

Namn	Verv 1.1-31.10	Namn	Verv 1.11 ->
Kjetil Netland	Geistleg representant	Kjetil Netland	Geistleg representant
Jostein Risa	Vikar geistleg representant	Kristin Haugen Eilifsen	Leiar, 1 år Representant i gudstenesteutval
Helge Ulvestad	Leiar Representant i Fellesrådet frå 2019 Leiar dugnadsutval	Kjersti Brudvik	Nestleiar, 1 år Representant i diakoniutvalet KN-kontakt
Anne Karin Solheim Sjøthun	Nestleiar Representant i dugnads/bygningsutvalet	Hallbjørg Eidhamar	Representant i Fellesrådet, 4 år Representant i dugnads/bygningsutvalet
Ole Eilifsen	Sekretær Representant i informasjonsutvalet	Rune Andersen	Vararepresentant til Fellesrådet, 4 år Representant i dugnads/bygningsutvalet
Kari Kvikne	Kasserar Vararepresentant til Fellesrådet frå 2019 Representant i informasjonsutvalet	Karen Marit Meisingset	Kasserar Representant i trusopplæringsutvalet
Jenny Kristin Menes	Representant i komité for kyrkjelydstur	Ole Eilifsen	Sekretær Representant i informasjonsutvalet
Berit Støle		Monica Dale	1. vara Kirkens nødhjelpskontakt
Per Tusvik	Representant i diakoniutvalet	Ida Alte	2. vara Representant i diakoniutvalet
Laila Vang	Kirkens nødhjelpskontakt	Yonas G Ghebre	3. vara Representant i kyrkjestovenemd
Kjersti Tjoflot Nygård	1. vara	Marit Beate Kyrvestad	4. vara
Marit Perny Haram Vannes	2. vara Representant i informasjonsutvalet		
Marit Eidsnes	3. vara		
Rune Andersen	4. vara Representant i dugnads/bygningsutvalet		

## 2.2 Målsetjing for soknerådet

**Visjonen: «Å dele den gode skatten» tema henta frå 2. Tim 1,14 vart ført vidare**

I verksemndplanen er dette konkretisert slik:

- Å bevare dei døypte i si dåpspakt
- Å kalle menneske i Balestrand til tru på Jesus Kristus og teneste for han
- Å gjere kyrkjelyden merksam på og utruste til sitt diakonale ansvar i verda og i nærmiljøet
- Å gjere kyrkjelyden merksam på sitt verdsvide misjonsansvar
- Å utvikle nådegåver og naturgåver til beste for heile Kristi lekam

Soknerådet vedtok i 2017 satsingsområde som har vorte ført vidare:

### **Ei kyrkje for folk flest**

Stikkord: Eldre(henting/transport). Inkluderande, Involvering, Universellutforming av lokale (lyd. Lys, tilkomst)

### **Styrke barne- og ungdomsarbeidet**

Stikkord: Fokus på tida etter konfirmasjonen. Støtte opp om eksisterande arbeid.

Leiartrening/inspirasjonssamlinar. Ev. støtte arbeid utanfor eige sokn.

### **Gode og kreative gudstenester og samlingar med Jesus og Bibelen i sentrum**

**Diakonal tankegang inn på alle felt – også trusopplæringa**

Målloppnåing i høve satsingsområda:

### **Ei kyrkje for folk flest**

Framleis ikkje eigen kyrkjeskyss, men private tilbyr skyss til folk dei kjenner og som har behov.

Inkluderande – konfirmantar og mange frivillige som klokkar, kyrkevert/kyrkjestoveansvarleg deltek på gudstenestene. Universell utforming – rullestolinngang frå sideinngangen.

### **Barne- og ungdomsarbeidet**

Breitt tilbod gjennom trusopplærar som samarbeider med frivillige organisasjonar. Sjå under trusopplæring, pkt.2.4

### **Gode og kreative gudstenester**

God variasjon i gudstenester. Gudstenester for unge. Sentral evangelisk forkynning

### **Diakonal tankegang**

Sosialt samvær via kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenester. Sjå elles annan aktivitet under diakonutvalet, pkt.2.4

## 2.3 Arbeidet i Soknerådet

Sokneråda hadde til saman 9 møte i 2023 og handsama i alt 80 saker

Saker som vart handsama (ikke kronologisk eller prioritert):

- Orienteringssaker
- Omval av leiar og nestleiar ( -> 1.11.23)
- Rådgjevande røysting til ny biskop.
- Planlegging og gjennomføring av dugnadars på kyrkjegardane
- Møteplan sokneråd
- Valnemnd til soknerådsvalet, oppretta og gjennomført val
- Høgtalaranlegget i Tjugum kyrkje, starta sondering og tinga nødvendig utstyr
- Lyddemping i kyrkestova, starta innsamling av midlar samt fått kostnadsoverslag
- Starta kulturelt samarbeid med sogelaget, pensjonistlaget, folkeakademiet og biblioteket
- Gjennomføring av kyrkjekonsert

- Gjennomgang av årsrapport og rekneskap
- Endra rutinar i høve vedtaksprotokoll
- Gjennomført soknemøte som vedtok reduksjon tal medlem i soknerådet frå 8 til 6
- Starta arbeid med utbetring av lystilhøva i kora på både Tjugum og Sæle kyrkje
- Orgelet i Tjugum er dårleg. Organist meiner orgelet har så bra kvalitet at det fortener rehabilitering, det er derfor starta innsamling av midlar
- Vedtok budsjett for soknerådet
- Planlegging og gjennomføring av konfirmantfest
- Vedtok å støtte konfirmantane for å delta på sommartreff
- Vedtok å støtte ungdom frå bygda som vert med på Misjonstur til Montenegro saman med trusopplærar vinterferien 2024
- Gitt støtte til restutdanning, trusopplærar
- Utarbeidd Grunnleggande retningslinjer for soknerådet
- Konstituering av nytt sokneråd
- Vedtok Gudstenesteplanen for 2024
- «Tid for tru» ved Kjetil Netland mfl. vart planlagt for våren 2024
- Selde i alt seks seriar med påskevandringsplakatar.
- Offertildeling 2024, dei første vekene (resten på 1.møte 2024)

## 2.4 Frivillige og utval knytt til soknerådet

### Trusopplæringsutval

Det har ikkje vore noko fungerande Trusopplæringsutval i 2023.

Me vurderer å starte opp att: Magni Åm Risa (trusopplærar), Ruth Solveig Netland og Karen Marit Meisingset (frå Soknerådet).

Kyrkja samarbeider godt med eksisterande kristent barne- og ungdomsarbeid i bygda (Spiren, Addis, Kvardagsskulen, KRIK, Bedehuset og Sygna). Arrangement og tiltak som Magni deltek på/arrangerer: babysong, adventsamlingar, T-dagar med Addis, Spiren, Kvardagsskulen og KRIK, Ungdomskveldar i samarbeid med Sygna og Bedehuset, eigne samlingar og gudstenester med utdeling av bøker til 4- og 6-åringar, «Engleverkstad» for 7-åringar, Minikonfirmantsamlingar (for 11-åringar) med eigne gudstenester og leir, Nestenåring (5.-8. klasse) ein gong i månaden, Samtalegruppe for ungdomsskulelevar (kvar 14. dag), Sommartreff/leir for 14 – 16 år, Ung Messe.

Magni har dessutan i skuleåret 2023/2024 ansvar for konfirmantopplæringa

Magni driv «oppsokjande verksemd» ved å invitere breddt til alle tiltak. Mange born er ikkje døypte i dag. I Balestrand er her komme mange frå andre land og andre kristne samanhengar/kyrkjer. Dei er då ikkje medlemmar i Den Norske kyrkja (DNK) eller tilhøyrande i andre sokn. I statistikken for trusopplæring 2024 kjem såleis Balestrand ut med ein frammøteporsent på rundt 235%.

### Diakoniutval

#### Diakoniutvalet (DU) sitt arbeid i 2023

Medlemmene i diakoniutvalet 2023: Tore Brudvik, leiar, Margot Ryssdal, Lin Åm, Ingun V Ulvestad, Kirsten Marie Aalhus og Per Tusvik.

Besøksteneste. Kjersti Brudvik har i sin 20% stilling av presteresurs gått i besøk på Helsetunet og ute i bygda. Fleire har gått i besøk og i alt 102 besøk er registrert. Tore Brudvik har arbeidd med samarbeid om besøksteneste mellom Røde Kors og DU i Balestrand. Leiaren i Frivilligsentralen Henning Sagevik kalla inn Røde Kors Omsorg, Pensjonistlaget og diakoniutvalet til eit møte om det i november der Tore møtte. «Korleis samarbeide? Rekruttering av besøkarar? Felles folder/brosjyre? Registrering av besøksbehov?» Men: ingen konklusjons so langt.

Songsamlingar. Kvar 14 dag «Musikk, song og bibelord» på Helsetunet frå januar-april og august-des. 2023. Friviljug musikar og 3-4 friviljuge har vore med og hjelpt til.

Middagar for einslege heimebuande på Fellesstova. DU har samarbeidd med Pensionistlaget og Røde Kors våren 2023.

Nytt diakoniutval 2023-2027. Dei gamle medlemmene vart spurde om å halde fram: Per Tusvik, Ingun Ulvestad, Kirsten Marie Aalhus heldt fram. Ida Alte og Kjersti Brudvik vart med frå det nye soknerådet og Ingrid Menes er ny.

Blomeutdeling: Det nye DU organiserte blomeutdeling til 11 etterlatne etter dødsfall før jul.

### Informasjonsutval

Marit H Vannes, Kari Kvikne, Helge Eilifsen, Ole Eilifsen, Jostein Risa  
Saker: Plakatar, SMS-teneste, heimesida (vert mest Jostein sitt arbeid),  
Facebook (har ikkje vore prioritert siste året), saker til kyrkjelydsbladet mm.

### Redaksjonsutval kyrkjelydsblad

Helge Eilifsen, Kjell Helland – skriv og sender aktuelle saker til bladet

### Kyrkjestovenemd

Helge Eilifsen, Ingrid Menes, Malene Sværen. Etter soknerådsvalet vart også Yonas G Ghebre med.  
Vedlikehald, vask av vindauge, sørger for at nødvendige reperasjonar og oppgraderingar skjer

### Bygnings – og dugnadsutval

Helge Ulvestad, Ann Karin Solheim Sjøthun(gjekk ut etter sytt sokneråd 1.11) og Rune Andersen  
Godt samarbeid om dugnad med konfirmantane og deira foreldre ved dugnaden på Tjugum og i  
tillegg har Lidal vedlikehald og servise stilt opp. Eigen dugnad på Sæle kyrkjegard; det merkast på  
oppmøtet at det er færre folk som soknar til denne kyrkja

### Nemnd for konfirmantfest og Nemnd for kyrkjelydstur

Vert valt nytt for kvar einskilt hending

## 3 Det gudstenestlege og forkynnande arbeidet

### 3.1 Gudstenestearbeidet

For statistikk, sjå pkt. 6

Gudstenesterytmen held fram med stort sett annankvar søndag i Tjugum og kvar 4. søndag i  
Sæle. To gudstenester i Kvamsøy (Pinse og Olsok) pr år samt friluftsgudsteneste i Saurdalens og  
på Stølsberg.

Soknepresten har dessverre hatt ein del sjukefråvær, men med gode kollegaer i og utanfor  
prostiet, pensjonerte prestar og leke medarbeidarar har det ikkje vore messefall pga. dette.

Tre planlagde gudstenester har av ulike grunnar vorte avlyste i 2023:

- Gudstenesta i Tjugum kyrkje søndag 7. mai gjekk ut pga mangel på tilgjengelege  
prestevikarar i prostiet denne søndagen.
- Gudstenesta i Sæle kyrkje søndag 20. august gjekk ut fordi nytilsett biskop Ragnhild var  
på vitjing i prostiet, og alle tilsette og kyrkjeydar var oppmoda om å støtte opp om  
prostigudstenesta i Stedje kyrkje i Sogndal denne dagen.
- Gudsteneste på Fjordtun oppvekstsenter 17. desember (3.søndag i advent), gjekk ut pga.  
uvêr og stengde vegar.

Etter gudstenesta i Kvamsøy kyrkje 2.Pinsedag hadde historikar Rasmus Sunde eit interessant foredrag: «Kvamsøy og Kvamsøy kyrkje i historisk perspektiv».

Faste- (Via Dolorosa) og (Via Lucis ) påske - plakatar med bilet og sentrale tekstar vart sett opp på begge kyrkjegardane.

Etter dei fleste gudstenestene var der enkel kyrkjekaffi der folk får snakke saman Det gode samarbeidet med bedehuset held fram.

Ved arrangement som Ung Messe og i konfirmantarbeidet er det gode samarbeidet med Sygna vgs viktig.

Det er også eit visst samarbeid med St Olafs Church som hører til den engelske kyrkja i Noreg I 2023 var dei engelske prestane på plass att og stod for gudstenester der i sommar. Med DNK får låne kyrkja. I juni og desember hadde Magni til saman 6 gudstenester for skule- og barnehage-born der. Der vart også halde midnattsmesse 31.12.23. I heile adventstida var kyrkja pynta og open og der vart lagt fram ein ny Kristusprofeti frå GT kvar dag. Takk til Jon Gjeraker som tok dei daglege oppgåvene.

I 2023 vart det gjort avtale med grunneigar av Kvamsøy at soknerådet kan nytte hennar robåt mot vedlikehald av båten. Ansvar: Dugnadsutvalet.

## 3.2 Kyrkjelydstur 2023

Temaet var: Relasjonar. Jenny Menes leia nemnda for turen.

Anine og Thomas Mildestvedt var med oss fredag og halve laurdag.

Anine arbeider kreativt med ungdom som rådgjevar for Bjørgvin bispedøme. Thomas er fastlege i allmennmedisin i Bergen og professor ved Universitetet i Bergen. Elles tok fleire frå kyrkjelyden på seg oppgåver slik at både born og vaksne fekk eit godt opphold.

Vel 50 personar i alle aldrar frå kyrkjelyden fekk ei triveleg og innhaldsrik helg i lag.

## 3.3 Konfirmantarbeidet

I 2022-23 var det 17 konfirmantar som følgde konfirmantopplegget i Balestrand. Ein konfirmand på Nessane følgde opplegget i Høyanger, men vart konfirmert i Sæle kyrkje. Kjetil Netland og Martin Holskar stod for undervisinga med opplegget FØLG MEG.

I samtalegudstenesta i Tjugum kyrkje viste konfirmantane fram noko av det dei har lært. Etterpå skipa soknerådet til flott konfirmantfest på Kviknes hotell, med lasagne i matsalen og program og kakebord i Kviknesalen.

Det var tre ungdomar som vart konfirmerte i Sæle kyrkje 30. april, og 15 konfirmantar som vart konfirmerte på to gudstenester i Tjugum kyrkje laurdag 13. mai.

Skuleåret 2023-24 er det 9 konfirmantar og Magni Åm Risa har ansvar for undervisinga.

# 4 Misjon og økumenikk

Misjonsavtalen med NMS med prosjekt i Mali held fram. Det er gjennom offer I 2023 samla inn totalt Kr. 20 342,75 til misjonsarbeidet. Arbeidet i Mali er med i forbøna jamleg. Soknerådet har også gjeve overskotet frå sal av påskevandringane Via Dolorosa og Via Lucis til dette misjonsprosjektet. Gjennom fire år har det vorte totalt Kr. 69 805,-

Frode B Sætre er den einaste norske misjonären i Mali. Men samarbeidsorganisasjonen MELM (Mission Évangélique Lutherienne au Mali) har fleire afrikanske misjonærar. Dei kan arbeida meir fritt enn ein europear. For grunna stor tryggleiksrisiko har Frode Sætre vore kalla heim eller har arbeidt i nabolandet Guinea. Men fokuset er heile tida fulanifolket.

Vi har eit godt økumenisk samarbeid (= samarbeid med anna trussamfunn) med den engelske kyrkja i Noreg. Gjennom heile sommaren har dei engelske prestar i bygda som gjer teneste i St Olafs kyrkje. Fleire og fleire norske fastbuande og turistar nyttar seg av dette tilbodet. Presten deira deltok også i ei av gudstenestene i Kvamsøy kyrkje.

# 5 Rekneskap

Balestrand sokn har ein solid økonomi. Rekneskapen er i balanse og er revidert.


Dei fleste inntektene kjem frå offer i gudstenester samt faste gjevarar. Økonomien er solid til tross for at ca. 80 % av gåvene i 2023 gjekk til andre enn soknet sjølv! Renteinntekter frå Thorbjørnsens legat dekkjer rentene på lånet til kyrkjestova, overskotet disponerer soknerådet.

Av utgiftene går mest til trusopplæring (bøker, konfirmantopplegg mm), men også noko til blomar og anna til gudstenestene, kyrkjekaffi, litt til diakoni og gåver elles. Soknerådet har også støtta økonomisk konfirmantane sin leir og ungdom frå bygda som deltek på misjonstur til Montenegro.

## 6 Statistikk

### 5.1 Gudstenestestatistikk

Type gudsteneste	2023			2022			2021			2020			2019		
	tal	total	snitt												
Alle gudstenester (forordna og andre) inkl. skule/institusjon	52	2886	56	56	3039	54	39	1764	45	54	2153	40	51	3510	69
Alle gudstenester på sun- og helgedagar	41	2207	54	42	2317	55	33	1356	41	39	1597	41	43	3136	73
Alle gudstenester tidl Tjugum sokn (inkl. skule, institusjon)	38	2216	58	44	2520	57	29	1518	52	44	1801	41	39	2951	76
Alle gudstenester tidl Kvamsøy sokn	14	670	48	12	519	43	10	246	25	10	352	35	12	559	47
1. Gudstenester med nattverd (Deltakarar=Nattverdgjester)	24	810	34	30	964	32	17	491	29	21	764	36	35	1414	40
1.C.3 Gudst. for barn og ungdom (frå 2023)	7	436	62												
3. Familie - og barnegudstenester (Ikke julafjana)				6	497	83	4	290	73	4	170	43	4	369	92
4. Gudstenester for ungdom (ikkje konfirmasjonsgudst)				5	396	79	2	189	95	3	166	55	2	243	122
5. Gudstenester for barnehage- og skoleborn	6	236	39	6	255	43	3	107	36	3	120	40	2	137	69
6. Gudstenester julafjana	2	171	86	3	225	75	3	91	30	3	142	47	3	386	129





Tal gudstenester held seg jamt, men litt ned frå 2022. Besøkstala går tilsvarende ned, men snittet på besøkande kvar gudsteneste held seg jamt. Det er framleis litt å gå på om ein skal nå tala frå 2019.

## 5.2 Offer, innsamlingar og gåver

	2023	2022	2021	2020	2019
Sum av ALLE gáveinntekter	287 378	269 607	172 247	236 874	258 282
Sum av alle gáveinntekter til andre (offer, fasteaksjon)	164 279	169 246	81 802	68 395	106 717
Sum av alle gáveinntekter til eige arbeid (offer, gjevarteneste, enkeltgåv, Thorbj.leg, minnegåv, bladpengar)	123 100	100 361	90 445	168 479	151 565
Samla inn ved offer/kollekt ved gudstenester/arr	188 854	202 217	107 831	88 967	136 394
... av dette gitt ved Vipps	154 646	144 452	104 474	73 826	44 256
... av dette gitt ved Vipps i prosent	82 %	71 %	97 %	83 %	32 %
... av dette til eiga verksemd	40 707	52 885	32 180	20 571	50 234
... til eiga verksemd i prosent	22 %	26 %	30 %	23 %	37 %
... gj.snitt per offer	4 606	4 815	2 914	2 405	3 410
... gj.snitt offer per frammøtt (gj.sn framm sön)	kr 86	kr 87	kr 80	kr 56	kr 43
Tal gudstenester/arrangement med offer	41	42	37	37	40
Tal besökande Alle gudstenester på sun- og helgedagar	2207	2317	1356	1597	3136
Samla inn ved fast gjevarteneste (avtale) til eiga verksemd	20 400	22 210	11 800	30 000	30 000
Andre innsamlingar og gåver (Fasteaksjon, kyrkjstove, minnegåver, Thorbj.legat, bladpengar, andre gåver)	78 125	45 183	52 615	117 907	91 888
... av dette til eiga verksemd	61 993	25 266	46 465	80 875	71 331
... av dette att til kyrkjestova (gåver+TL)	41 993	7 916	16 515	28 875	28 577
... av dette til Fasteaksjonen (Kirken Nødhjelp) I BØSSENE	16 132	19 917	6 150	0	20 557
Gåver Balestrendingar har gjeve <b>direkte</b> til Kirken Nødhjelp i samband med fasteaksjonen (via Vipps 2426 , Spleis, Facebook) Desse gåvene er <b>ikkje</b> ført i Balestrand sokn sin rekneskap.	13 209	13 720	7 523	13 311	3 494
<b>TOTALRESULTAT</b> Fasteaksjonen i Balestrand for bøsser (kontant) OG VIPPS til 2426 direkte til KN + Spleis mm	29 341	33 440	13 673	13 311	24 051

Ein kan merke seg at på inntektssida går det oppover (og justert for inflasjon er ein nesten tilbake på nivået før pandemien). Sjølv om tal besökande har gått ned og kjøpekrafta har gått ned går altså gáve per besökande opp. Så kan ein sjå at i 2023 har vi gitt ein større andel til andre enn til eiga arbeid.





## Takkoffer 2023 Balestrand sokn (gudstenester og julekonsert)

Dato	Offer til	Vipps	Bank	Totalt	Offer andre	eige arbeid
08.jan.23	Misjonsambandet	246,25	985,00	1 231,25	1 231,25	
15.jan.23	Alværa misjonssenter	3 940,00	1 045,00	4 985,00	4 985,00	
29.jan.23	Eige arbeid kyrkjelyd	4 629,50	1 050,00	5 679,50		5 679,50
05.feb.23	Bibelskapet	1 329,75	535,00	1 864,75	1 864,75	
12.feb.23	Lyngmo ungdomssenter	3 743,00	1 450,00	5 193,00	5 193,00	
26.feb.23	Kirkens Nødhj Syria (jordskjel)	4 087,75	936,00	5 023,75	5 023,75	
05.mar.23	Kirkens Nødhjelp	2 314,75	1 580,00	3 894,75	3 894,75	
12.mar.23	Ungdom i Oppdrag	5 516,00	250,00	5 766,00	5 766,00	
26.mar.23	Menneskeverd	2 561,00	400,00	2 961,00	2 961,00	
02.apr.23	Søndagskolen Norge	3 693,75	1 500,00	5 193,75	5 193,75	
09.apr.23	NMS Mali	7 092,00	1 200,00	8 292,00	8 292,00	
30.apr.23	Eige arbeid kyrkjelyd	394,00	1 323,00	1 717,00		1 717,00
07.mai.23	KIA Kristent Interkulturelt arb	Avlyst		0,00		
13.mai.23	Eige arbeid kyrkjelyd	11 918,50	2 510,00	14 428,50		14 428,50
17.mai.23	Sygnarussen misjonsprosjekt	9 111,25	400,00	9 511,25	9 511,25	
28.mai.23	Isrealmisjonen	5 309,15	500,00	5 809,15	5 809,15	
29.mai.23	Sygna vgs	3 989,25	2 200,00	6 189,25	6 189,25	
04.jun.23	Bibelskapet i Ukraina	6 156,25	2 259,73	8 415,98	8 415,98	
18.jun.23	NMS Mali	3 201,50	420,00	3 621,50	3 621,50	
25.jun.23	Eige arbeid kyrkjelyd	1 871,50	894,00	2 765,50		2 765,50
02.jul.23	Normisjon	3 693,75	500,00	4 193,75	4 193,75	
16.jul.23	Åpne Dører	6 451,75	850,00	7 301,75	7 301,75	
30.jul.23	Eige arbeid kyrkjelyd	3 398,25	870,00	4 268,25		4 268,25
13.aug.23	Lyngmo ungdomssenter	3 102,75	150,00	3 252,75	3 252,75	
20.aug.23	Eige arbeid kyrkjelyd	Avlyst		0,00		
27.aug.23	Laget NKSS	5 368,25	668,00	6 036,25	6 036,25	
10.sep.23	Misjonsambandet	4 038,50	1 137,00	5 175,50	5 175,50	
17.sep.23	Søndagskolen i Norge	1 132,75	350,00	1 482,75	1 482,75	
24.sep.23	Eige arbeid kyrkjelyd	1 871,50	400,00	2 271,50		2 271,50
08.okt.23	Normisjon	3 743,00	400,00	4 143,00	4 143,00	
22.okt.23	Redd Barna (TV aksjonen)	1 773,00	300,00	2 073,00	2 073,00	
29.okt.23	Alværa misjonssenter	492,50	949,00	1 441,50	1 441,50	
05.nov.23	Eige arbeid kyrkjelyd	3 004,25	1 281,00	4 285,25		4 285,25
19.nov.23	Stefansusalliansen	4 787,10	260,00	5 047,10	5 047,10	
26.nov.23	Eige arbeid kyrkjelyd	295,50	500,00	795,50		795,50
03.des.23	Sygna vgs	3 201,25	400,00	3 601,25	3 601,25	
10.des.23	Eige arbeid kyrkjelyd Orgel	3 546,00	950,00	4 496,00		4 496,00
17.des.23	NMS-MALI	Avlyst		0,00		
24.des.23	Kirkens Nødhjelp Sæle	2 314,75	1 730,00	4 044,75	4 044,75	
24.des.23	Kirkens Nødhjelp Tjugum	11 673,23	575,00	12 248,23	12 248,23	
25.des.23	NMS Mali	7 929,25	500,00	8 429,25	8 429,25	
31.des.23	Vener av St.Olafs kyrkje	1 723,75	0,00	1 723,75	1 723,75	
<b>Totalt innbetalt 2023</b>		<b>154 646,23</b>	<b>34 207,73</b>	<b>188 853,96</b>	<b>148 146,96</b>	<b>40 707,00</b>
<b>Prosent av tot offerinntekt</b>		Vipps	Bank	Totalt	Offer andre	eige arbeid
		82 %	18 %	100 %	78 %	22 %
		Totalt			Offer andre	eige arbeid
<b>Antal offer i 2023</b>		39			30	9
<b>Prosent av antal offer</b>		100 %			77 %	23 %